

Fristaten Senja

Prosjekt-oversikt

Innhald

1. Fristaten Senja oppsummert

- 1.1 Innleiing
- 1.2 Bakgrunn
- 1.3 Kort om prosjektet og dette dokumentet

2. Prosjektskildring Fristaten Senja 2009

Første fase Fristaten Senja

- 2.1 Prosjekt mål
- 2.2 Gjennomføring og innhald Fristaten Senja 2009
- 2.3 Organisering og ansvarsdeling
- 2.4 Økonomi og aktivitetsplan Fristaten Senja 2009

3. Langsiktig perspektiv. Fristaten Senja 2008 – 2020

- 3.1 Prosjekt mål Fristaten 2008 - 2020
- 3.2 Innhald oppsummert Fristaten 2008 – 2020
- 3.3 Gjennomføring fase 1 -2 -3
- 3.4 Suksessfaktorar Fristaten 2008 - 2020



”T.d.” tyder på nynorsk ”til dømes” = for eksempel.

1. Fristaten Senja oppsummert

1.1 Fristaten Senja

– ei seriøs galskapssatsing–

”Fristaten Senja” (FRI) er ei satsing som gjennom ein langsiktig prosess skal stå for samkjøring av dei fire Senjakommunane Berg, Lenvik, Torsken og Tranøys arbeid innan kulturfeltet, med marknadsføring, med rekruttering og knytt til reiseliv. FRI tar på seg felles samfunnsoppgåver i dei fire kommunane knytt til desse felta, og vert ein felles paraply som på sikt dei satsingar som i dag føregår innan desse felta på Senja, skal inngå i.

”Fristaten Senja” er også eit merksemds- og marknadsførings-prosjekt for dei fire Senja-kommunane. Prosjektet skal i eit langsiktig perspektiv styrkja Senja som merkevare på eit breidt plan, styrkja Senjaværingens identitets-kjensle og betra vilkåra for all type næringsutvikling- og utøving, spesielt knytt til sektorane kultur og reiseliv.

FRI skal gjera Senja endå meir attraktiv for dagens innbyggjarar og endå meir tiltrekkjande for nye innbyggjarar, og bidra til å auka folketalet i alle Senja-kommunanen ved minka fråflytting og auka tilflytting.

Kjernen i ”Fristaten Senja” er ein 7 dagars periode kvar sommar, der Senja ”melder seg ut” av kongeriket Norge og spelar etter sine egne reglar.

1.2 Bakgrunn

Begrepet ”Fristaten Senja” har sin bakgrunn i revymiljøet i Vangsvik i Tranøy på 1970-talet, der det som prosjekt innan det frivillige organisasjonslivet fekk stor merksemd lokalt og nasjonalt. Ein har i dag dømer på fastbuande på Senja som flytta her til utelukkande som følgje av ”Fristaten Senja”- satsinga den gong. Tranøy kommunes ordførar Odd Arne Andreassen tok i 2006 initiativ til ei revitalisering av denne idèen, og dei dåverande ordførarane i dei fire Senja-kommunane arbeidde med idèen. Prosjektet måtte den gang utsettjast som følgje av omstende utanfor ordførargruppas kontroll, men etter kommunevalet hausten -07 vart prosjektet tatt tak i på nytt av dei nye Senja-ordførarane, der Andreassen frå Tranøy sat frå førre perioden.

Ordførarane og andre representantar frå dei 4 Senja-kommunane, saman med omlag 20 representantar for sentrale kultur-og næringsinteresser på Senja, samlast 25. mars 2008 til vidare drøfting av idèen, og ut frå dette har det vorte arbeidd vidare med prosjektet. ”Senja” er på 2. plass etter ”Tromsø” på lista som rangerer kva stader i Troms som er mest kjendt for nordmenn, og er rekna for eitt av dei flottaste ”produkt” som Troms har å selgja.

1.3 Kort om prosjektet og dette dokumentet

Prosjektet tar utgangspunkt i at få andre system har ei evne til å mobilisera innbyggjarar og frivilligliv i eit lokalsamfunn slik *festivalen* gjer det. Kulturdepartementets kalkulasjonar

vedr frivillig arbeid syner at ein i Noreg har ein auke i frivillig nedlagde arbeidstimar pr nordmann frå 50-talet til i dag. Mykje av dette knyter seg til framvoksteren av festivalar, og Noreg er i dag det landet i Europa med flest festivalar pr innbyggjar, og det landet i Europa der innbyggjarane brukar mest pengar på festivalar.

Mobiliseringa av innbyggjarane, frivilliglivet og kulturlivet, og entusiasmen og engasjementet blandt våre små kommunars innbyggjarar, er grunnlaget for alt det andre arbeidet kommunane legg ned for å berga og utvikla bygdene. Det hjelper ikkje å arbeida med rekruttering, å skapa arbeidsplassar og gode ordningar, dersom folk ikkje har *lyst* å bu hjå oss.

Med utgangspunkt i festivalens natur, vil ein med dette prosjektet byggja opp ein institusjon med heilårs drift, som skal verta eit lokomotiv i Torsken, Berg, Lenvik og Tranøys arbeid med å styrkja dei små bygdene, og styrkja Senja som distrikt.

Prosjektoversikten inneheld i pkt 2 spesifikk Prosjektskildring av Fristaten 09 med tilhøyrande budsjett og finansieringsplan (prosjektperiode januar 2009 til februar 2010) Dette vil fungera som ein forprosjekt, -eller første fase- i ein tenkt 12 år lang plan.

Det vert vidare gitt ein oversikt over dei tankane som føreligg i dag om den langsiktige Fristaten-satsinga fram til 2020. Etter gjennomføring av Fristaten 09, vil ein evaluera prosjektet, gjera opp status og arbeida vidare i neste fase ut frå det. Pkt 3 i prosjektoversikten er såleis meint å gi eit totalbilete av idèen og ei *mogleg* framdrift i eit 12 års perspektiv, for å søkja gi eit grep om dette litt uvanlege prosjektets natur.

Målet med prosjektoversikten samla vil dermed vera å:

- Skildra første prosjektfases (FRI 09) innhald og mål, ved spesifikk prosjektskildring, og synleggjera ressursbehovet ved budsjett for prosjektet.
- Skissera totalkonseptets innhald og mål, eit 12 års perspektiv
- Gi ein oversikt over totalkonseptets interkommunale potensiale og verknader og ringverknader, i eit 12 års perspektiv.

2. Prosjektskildring Fristaten Senja 2009.

Første fase Fristaten Senja.

2.1 Prosjekt mål

Målsettinga med prosjektfasen er å

- 1) Få med folket på Senja på idèen, slik at prosjektet vert tatt tak i av innbyggjarane.
- 2) Arrangera den første festivalen Fristaten Senja i juli 2009, med stor merksemd til Senja.
- 3) Etablera starten, og rydda grunnen, for den organisasjonen som seinare vert Fristaten Senjas administrasjon.
- 4) Få på plass eit grunn-nettverk innan frivillige organisasjonar, næringsliv, politiske kanalar, offentleg forvaltning på Senja, i regionen og i utvalde område i Noreg og utlandet.
- 5) Få på plass økonomisk base for å kunna fortsettja arbeidet med FRI over i neste fase.

2.2 Gjennomføring og innhald Fristaten Senja 2009 (Januar 2009 – februar 2010)

Eablering av prosjektarbeidsgruppe, finansiering og søk etter prosjektleiing

Vinteren 09 vert prosjektarbeidsgruppa/styringsgruppa etablert, og arbeidet med finansiering og vidare søk etter prosjektleiing vert igangsett. Dei viktigaste samarbeidspartane på finansieringssida vert gjort kjend med prosjektet.

Etalering av ressursgruppe og arbeid frå grasrota

Vinteren tar prosjektleiinga i samarbeid med prosjektarbeidsgruppa opp arbeidet med å systematisk informera og motivera Senjas innbyggjarar. Dette vert gjort ved ein stor møteserie (omlag 10 møter pr kommune) som vert avvikla i samregi med eksisterande bygdelag, idrettslag, og andre foreningar. Her legg ein vekt på oppdukkande idèar og medbestemmelse.

Arena og arbeidsgruppe for Fristaten Senja 09

I starten på aktiviteten "arbeid frå grasrota" skal det utkrystallisera seg ein arena for å plassera tyngdepunktet for FRI 09. Dette vert den bygda som har dei beste føresetnader, spesielt i høve til motivasjon og tenning på idèen. Her etablerest ei lokal arbeidsgruppe som arbeider tett med prosjektleiinga og arbeidsgruppa om FRI 09. Det kan vera lurt å tenkja seg at første FRI ikkje vert lagt til Tranøy, avdi ein da kan risikera eit misstillhøve mellom kommunane sidan idèen kom frå Tranøy, og sidan Tranøy er tyngst inne i prosjektarbeidsgruppa/styringsgruppa.

Proklamering av Fristat

På vårparten 09 proklamerer dei fire Senja-Ordførarane at Senja juli (dato) 09 skal verta ein sjølvstendig stat. Det er i forkant avtalt med nasjonal politisk profil som legg inn protest, til dømes utanriksministeren. Vidare har ein gjort avtale med fylkesadministrasjonane ved potensielle venne-øyar som går ut med aksept-erklæringar og godkjenner uavhengigheits-erklæringa. T.d. Færøyane, Gotland, Orknøyane.

Proklameringa vert planlagt nøye og regissert slik at det heile får solid medie-merksemd.

Utarbeiding av klesmerke, arbeid mot ungdom

Som eit viktig grep for tilknytning av ungdom både til prosjektet og heimområdet sitt på Senja, lagar ein eigne klede. Her er det svært viktig at snitt og design gjev kleda i seg sjølv tiltrekkingskraft på ungdom. Klesmerket er starten på ei satsing i prosjektet som rettar seg mot ungdom, og ein del av bygginga av merkevara Senja samt styrkinga av den lokale identiteten. Ein søkjer å knyta seg til eksisterande bedrifter og kapasitetar i dette arbeidet.

Studie av 3 beslektta satsingar, samarbeid med UIT og Roskilde Festival

Som eit referansearbeid på sida av prosjektet innleier et samarbeid med Universitetet i Tromsø, og studerer (eksempelvis)

Festspillene Markeringsditrikt (FINNs satsing gjennom nokre år)

Up`hellia (Viking-båtbygging på Shetland)

Visekongen i Fusa (Liknande satsing som FRI, i Hordaland)

Nokre av desse har vore ein vedvarande suksess i tiår etter tiår, andre har vore ein forbigåande suksess. Kva faktorar har spelt inn i høve til engasjement, framdrift, utvikling og resultat?

Roskilde by i Danmark er eitt av verdas mest suksessrike område knytt til frivillig engasjement for lokalsamfunnet. Deira versjon av Skrolsvikdagan, "Roskilde Festival" har si rot attende til 1930-åra, og organisasjonen er i dag ein formidabel samfunnsaktør i Danmark, som deler ut midlar til mange ulike føremål i det danske frivillig- og kulturlivet. Den kompetanse og erfaring denne organisasjonen sit med, er kjernen i det Fristaten Senja også treng. Difor innleier ein eit samarbeid med Roskilde Festival, der Roskilde vert ein

slags fadder for Senja. I praksis betyr dette møterverksemd, føredrag m.m. utover hausten 08, vinteren 09.

Påkopling av Produsentstudiet i Harstad

Harstad har fått eit nytt studie som utdannar kulturprodusentar. Studieleiaren er pr i dag informert om FRI, og ser på prosjektet som ei spennande satsing i Nord-Norge. Ein innleier eit samarbeid med dette studiet, som både gir positiv uttelling for FRI og for produsentstudiet.

Gjennomføring av Fristaten Senja 2009

- Ei veke med Fristat, der andre reglar gjeld. Illustrasjonsdøme: På brua over til Senja vert det innført miljøkontroll. Dersom du kjører eit forureinande bilmerke, vert du ilagt bot, og dess høgare bilen din er på lista over forureinande bilmerke, dess større bot. Bilføraren kan sjølv velgja om han vil betala eller ikkje.
- Slike sprø påfunna som t.d. dispensasjon til oljeleiting utanfor Yttersia i fristaten-veka, omvendt promillekontroll på bygdefestar osv, tiltrekkjer seg riksdekkande media, og ikkje minst nyskjerrig publikum.
- Det vert arrangert og produsert ein kompakt festival under fristaten-veka med eitt større trekkplaster, og fleire aktivitetar som gir tiltrekkingskraft på regionalt publikum.
- Eksisterande aktivitet av idag over heile Senja knyttest opp til FRI og lanserest og marknadsførest som ein del av konseptet og aktiviteten under Fristaten-veka.

2.3 Organisering og ansvarsdeling

Kombinert arbeidsgruppe/ styringsgruppe

Dei fire Senja-kommunane stiller med kvar sin representant til ei arbeidsgruppe/ styringsgruppe som styrer og arbeider med prosjektet i praksis, ut frå mandat gitt av dei fire Senja-kommunanes formannskap v/ordførarane. Tranøy kommune har leier arbeidet i styring/arbeidsgruppa.

Oppdragssgjevar og prosjektasvarleg

Dei fire kommunanes formannskap v/dei fire ordførarane er prosjektanvarlege, og desse følgjer opp arbeidet til styringsgruppa/ arbeidsgruappa. Dei fire ordførarane gjer dei politiske avklaringar som trengst, sikrar ein del viktige relasjonar, og frontar sjølve erklæringa av Fristaten når den tid kjem.

Prosjektleiing

Prosjektarbeidsgruppas første oppgåve er å sikra prosjektets økonomiske base, samt å tilsettja prosjektleiari. Prosjektet er spesielt i sin natur, og m.a. difor vil ein dela prosjektleiinga mellom to personar med ulik og utfyllande kompetanse.

Ressursgruppe

Med utgangspunkt i gruppa av framstående Senja-kapasitetar som samlast i mars 08 til drøfting av prosjektet, etablerer ein ei ressursgruppe av frivillige medarbeidararar. Denne gruppa arbeider tett med prosjektleiinga og arbeid/styringsgruppa, og består av mediefolk, kulturarbeidarar, næringslivsfolk m.m. Gruppas hovudoppgåve er å halda nærkontakt med Senjas innbyggjarar, spesielt gjennom det frivillige organisasjonslivet.

2.4 Økonomi og oversikt aktivitetsplan Fristaten Senja 2009

Framdriftsplanen vert fortløpande justert i samarbeid mellom prosjektleiinga og styringsgruppa.

Nr	Hovedaktivitetar for å nå prosjektets målsetting	Budsjett 1000 kr eks mva			Framdrift – Opstart veke og år	Ferdig veke og år
		Totale kostnader	Eksterne kostnader	Eigenkapital		
1	<i>Etablering av prosjektarbeidsgruppe, arbeid med finansiering og søk etter prosjektleiing</i>	60	0	60	1- 09	6- 09
2	<i>Utarbeida enkel intensjonsavtale mellom dei fire Senja-kommunane</i>	10	5	5	1- 09	8- 08
3	<i>Etablering av ressursgruppe og arbeid frå grasrota</i>	770	170	600	1- 09	20- 09
4	<i>Arena og arbeidsgruppe for Fristaten Senja 09</i>	105	80	25	1-09	12- 09
5	<i>Proklamering av Fristat og pressearbeid i den samanheng</i>	140	90	50	1- 09	12- 09
6	<i>Utarbeiding av klesmerke, arbeid mot ungdom og marknadsføring sal av klede</i>	390	250	140	6- 09	20- 09
7	<i>Studie av 3 beslektta satsingar, UIT og samarbeid med Roskilde Festival</i>	200	170	30	6- 09	16- 09
8	<i>Påkopling av Produsentstudiet i Harstad</i>	75	45	30	8-09	50-09
9	<i>Avvikling av Fristaten Senja 2009 med etterarbeid og evaluering</i>	980	560	420	01- 09	40- 09
10	<i>Oppbygging fram mot fase 2</i>	1020	480	540	26- 09	08- 10
	SUM KOSTNADER AKTIVITETAR	3750	1850	1900		

11. Finansieringsplan Fristaten Senja 2009

Finansieringsplan			%	1 000 kr
Tranøy kommunes næringsfond			1 %	20
Tranøy kommunes utviklingsprosjekt			1 %	45
Lenvik kommunes næringsfond			2 %	65
Berg kommunes næringsfond			2 %	65
Torsken kommunes næringsfond			2 %	65
Eigenkapital timeverk Torsken, Tranøy, Lenvik, Berg,			14 %	520
Frivillige organisasjonar			30 %	1120
Kommunal -og Regionaldepartementet			7 %	250
Nærings- og Handelsdepartementet			7 %	250
Fylkesmannen i Troms, skjønnsmidlar			7 %	250
Regionale utviklingmidlar Troms			29 %	1100
Total finansiering			100 %	3750

Herav eigenfinansiert:

50 %

3. Langsiktig perspektiv. Fristaten Senja 2009 - 2020

3.1 Prosjekt mål -Fristaten 2009 - 2020-

OBS: Dette er målsettinga på lang sikt slik ein tenkjer seg den i dag. Første prosjektfases (t.o.m. februar 2010) resultat vil innverka på den vidare målsettinga og det vidare arbeidet.

Målsettinga med Fristaten-prosjektet 2009- 2020 er å

- 1) gjera det meir moro og attraktivt å vera innbyggjar på Senja, og auka folketalet/ minka fråflyttinga. Letta arbeidet med rekruttering som kvar enkeltkommune jobbar med i dag.
- 2) gi Senja merksemd i nasjonale og internasjonale media, m.a. ved ei årleg "Fristat"-veke, og systematisk utnytta verknadene av dette til beste for innbyggjarane og samfunnet på Senja. Ved dette trekkja til seg eit breitt regionalt, nasjonalt og internasjonalt publikum.
- 3) Med utgangspunkt i ein festival-administrasjon, byggja opp ein kultur- og næringsinstitusjon og samfunnsaktør som på sikt tar på seg viktige felles samfunnsoppgåver for dei fire Senjakommunane, og med det både avlastar og supplerer kvar enkelt kommunes arbeid, spesielt innan kulturfeltet og knytt til merkevarerbygging og markandsføring av Senja, og dermed Torsken, Berg, Lenvik og Tranøy.
- 4) Ved betra profilering av Senja styrkja næringslivet i høve til tilgang på arbeidskraft, og meir direkte knytt til kulturnæringsar, kulturbaserte arbeidsplassar og reiseliv.

3.2 Innhald oppsummert -Fristaten 2009 - 2020-

OBS: Dette er målsettinga på lang sikt slik ein tenkjer seg den i dag. Første prosjektfases (t.o.m. februar 2010) resultat vil innverka på den vidare målsettinga og det vidare arbeidet.

Institusjonen "Fristaten Senja" vert eit ny type institusjon, og mykje av slagkrafta ligg nettopp i dette. Det er ingen rein festival, det er ikkje ein reint reiselivs-tiltak, det er ikkje eit reint marknadsføringstiltak, det er ikkje ein rein frivillig organisasjon, det er ikkje eit reint interkommunalt samarbeidsprosjekt. Det er litt av alt dette.

FRI byggjest opp i 3 trinn/ fasar. Det etablerest breie nettverk innan ulike sektorar og på ulike plan, for å gi prosjektet det innhaldet og tyngden det treng, samstundes som ein får det engasjementet og den entusiasmen ein er avhengig av. Det vert lagt stor vekt på oppbygging av ein organisasjon som framelskar det frivillige engasjement, slik at frivilliglivet delvis "tar over prosjektet" og ein stor del av prosjektet er meint finansiert av frivillig arbeidskraft.

Innbyggjarane og moroa: Fristaten kan berre lukkast som prosjekt dersom ein får innbyggjarane på Senja til å ta tak i innhaldet på frivillig basis i stor skala. Dette oppnår ein kun dersom det skjer ting som er gøy. *Moraa* vert dermed eit heilt sentralt fokus i prosjektet, og alle viktige val skal takast i lys av dette. Oppbygging av merkevara Senja knyttest tett til Senjaværingen.

Festivalen: Kvar sommar er Senja utmeld av kongeriket Norge i ei veke. Då er tida for å prøva ut nye ting, då er vert det gitt dispensasjon til laksefiske med garn osv. Fristaten-påfunn fører kvart år til at Senja vert sett positivt på kartet og hamnar på Dagsrevyen og TV2-nyhetene. Festivalen er ei feststund for Senjas innbyggjarar, i tillegg til ein turistmagnet. Målgruppa for tilreisande publikum er både nordmenn frå heile landet og folk frå Nord-

Sverige og Nord-Finland. Festivalen er i stor grad arrangert av Senjas innbyggjarar i dei ulike bygdene. Festivalens tyngdepunkt alternerer mellom dei ulike Senja-bygdene Gryllefjord, Hamn, Skrolsvik, Husøy m.fl. og den eine bygda prøver å overgå den andre i originale Fristaten-påfunn, og der ein kvart år har ulik profil på arrangementet. I tillegg foregår masse aktivitet rundt heile øya, og ein del av dagens eksisterande kulturaktivitet vert baka inn i konseptet. Det heile er oppbacka av Fristatens faste administrasjon og prosjektleiarar.

Politisk: Fristaten er politisk nøytral som idè og organisasjon. Sjølvaste Fristaten-avviklinga, festivalen, ei veke kvart år, kan vera arena for å debattera viktige og engasjerande politiske tema. Det kan knytast band i form av venskapsprogram til andre øy-samfunn internasjonalt., til dømes Shetland og Orknøyane, som er dømer på øygrupper med ei sterk identitetskjendelse.

Organisatorisk: *Noko av utgangspunktet for idèen til FRI er ein har eindel gode dømer frå andre stader i landet og verda, som syner at nokre viktige regionale samfunnsoppgåver har betre førestnader for å lukkast i regi av ein felles organisasjon som tar utgangspunkt i festivalens natur. Dette gjeld spesielt knytt til kulturfeltet, reiselivssektoren og generell marknadsføring og markering av ein region.* ”Kystsovevekene” (diverse vestlandskommunar) ”Festspillene i Nord-Norge”, eller ”Up Helly’ a” (Shetland) kan stå som dømer på dette.

Ein etablerer seg som organisasjon i eit samarbeid mellom dei fire Senjakommunane. Ein held nær kontakt med Troms Fylkeskommune og Fylkesmannen i Troms om prosjektet. Vidare arbeidest det med eit stødigare finansieringsgrunnlag etter kvart som organisasjonen tar form, der det også på sikt er sjølvstøtt med løyvingar over statsbudsjettet. Eit kontor med prosjektleiarar for ulike tiltak, leiar for Fristaten-avviklinga på sommaren, marknadsføring- og media-folk m.m syter for framdrifta og tempoet og dei lange linjene. Desse Fristatens ulike funksjonar bør på sikt vera fysisk plassert saman med andre Senja-aktørar som arbeider innan kulturfeltet, reiseliv og rekruttering. Dersom ArtSenja vert gjennomført, er lokalisering der saman med mange andre kultur – og kulturbaserte arbeidsplassar, ideelt. Senja - Ordførarane frontar sjølvaste proklameringa av Fristaten.

3.3 Gjennomføring fase 1 -2 -3

Fase 1: januar 2009 – februar 2010

Det fokuserest på Fristaten 09. Prosjektleiing fordelt på 2 personar startar arbeidet med å presentera prosjektet for Senjas innbyggjarar, og skapa entusiasme og tillit til prosjektet. Det plukkast ut ei bygd til å avvikla FRI 09, som startar på arbeidet hausten 08. Sjå pkt 3.

Tidleg i fasen må det gjerast gode avklaringar i høve til andre viktige reiseliv- kultur- og næringsaktørar og prosjekt på Senja, som t.d. Hamn i Senja, Senjatrollet, Smia, Reisemål Senja, Kompani MittTroms, SenjaArt, Reisemål Senja, Kråkeslottet og Kråkeslottfestivalen, Senjastua m.fl. Merksemda rundt TV-serien ”Da daman dro” som er innspelt på Husøya i 2008 kan også spelast vidare på og utnyttast.

Fase 2: 2010 – 2012

OBS: Dette er målsettinga på lang sikt slik ein tenkjer seg den i dag. Første prosjektfases (t.o.m. februar 2010) resultat vil innverka på den vidare målsettinga og det vidare arbeidet. Meir heilårs aktivitet vert utvikla rundt Fristaten Senja i denne fasen. Konseptet styrkjest ytterlegare som institusjon ved å ta på seg fleire felles oppgåver for Senja-kommunane, slik som felles kultur-skule, arrangement av konsert-turnèar og kurs, tiltak for ungdom og born, tiltak i skuleverket samt andre oppdukkande prosjekt som går på vers av bygdene og

kommunegrensene. Det arbeidest med samarbeid og samkjøring av felles Senja-prosjekt som byggjer oppunder marknadsføring av Senja, som t.d. Reisemål Senja, ArtSenja, Kystriksvegen m.fl.

Økonomisk fundament vert ytterlegare forsterka med faste kommunale, fylkeskommunale og etterkvart statlege overføringar, og staben består t.d. av 2 årsverk i faste stillingar i tillegg til diverse tilknytte prosjektleiarar.

Det knyttest sterkare band til andre øysamfunn/venne-øyar utanlands og innanlands, og ein gjennomfører felles prosjekt med slike, t.d. knytt til skuleverket og kulturlivet. Det vert arbeidd med identitetskjenne og born og unges tilhøve til Senja, og eigne klesmerke og produkt vert ein del av dette arbeidet. Ein ser i denne fasen dei første bedriftetableringar som kjem som direkte følgje av Fristaten-prosjektet, spesielt innan kulurnæring og kulturbasert næring, og reiselivsbedrifter.

Fristaten-veka er no etablert som noko regionalt publikum ikkje kan gå glipp av, og tiltrekkjer seg også betydeleg nasjonalt publikum.

Fase 3: 2012 – 2020

OBS: Dette er målsettinga på lang sikt slik ein tenkjer seg den i dag. Første prosjektfases (t.o.m. februar 2010) resultat vil innverka på den vidare målsettinga og det vidare arbeidet. Alle aktivitetar frå fase 2 vidareutviklast.

Fristaten-administrasjonen etablerer seg i denne fasen i eit eigna bygg på Senja, som får status som parlamentsbygning (med tilhøyrande regjeringskvartal). Det vert lagt vekt på symbolverdien i etablering i eige bygg, og lokalisering av parlamentet skal skapa stort engasjement. Staben utvidest til 4-6 faste årsverk og i tillegg diverse prosjektleiarar.

Fristaten Senja er no ein påakta kultur -og reiselivsaktør som er eit tyngdepunkt i regionen, og ei stor generator av aktivitet og optimisme. Alle i Norge veit kva Senja og Fristaten er, og ein finn Fristaten Senja under "F" i Gyldendals store norske leksikon! (om det eksisterer.)

3.4 Suksessfaktorar -Fristaten 2009 - 2020-

Entusiasme frå grasrota vil ikkje dette prosjektet klara seg utan. Difor må det arbeidast bevisst med å gi opning for dei initiativa som kjem av seg sjølv, og det må arbeidast bevisst med motivasjonen slik at denne typen engasjement faktisk kjem av seg sjølv. Prosjektets natur gjer at store ressursar knytt til entusiasme og pågangsmot kan forløysast ved riktig handtering. Ein snakkar først og fremst om den frivillige sektoren.

Det seriøse aspektet med prosjektet må ikkje komma bort i moroa og galskapen.

Ein tydeleg og skikkeleg organisasjon og administrasjon må byggjast opp, som har stødige finansieringsordningar som grunnlag.